

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Kommentar til løyve for midlertidig fråvik frå manøvreringsreglement for Skålavatn i Luster kommune

I brev motteke 17.02.21 er løyve for senking av magasinet i Skålavatn gjeve med utgangspunkt i 6 vilkår. Det siste kulepunktet i vilkåra er som følgjer;

Instrument for registrering av vasstand inntil 0,5 m under LRV skal etablerast samstundes med at magasinet likevel er nedtappa, dersom slikt utstyr ikkje alt er etablert. Jf. Punkt 4.5 i retningslinjer av 20.06.2016 for registrering av vasstand i reguleringsmagasin.

Som nemnt pr. telefon mellom Kristen Rockland Aarethun og Henrik Hveding 25.02.21, vil ikkje Hydro Energi Sogn ha moglegheit til å gjennomføre dette vinterstid i Skålavatn. Dette med omsyn til vinterforhold og store mengder is, som fører til vanskelege arbeidshøve og såleis stor risiko i utføringssfase. I forbindelse med arbeid i tunnelsystemet vil det bli etablert loggføringssystem for vannstand under LRV i lukesjakt ved inntak til Skagen kraftstasjon. Dette utstyret vert ståande i drift til nytt system min 0,5 m under LRV er på plass i magasinet Skålavatn ved fyrste eigna tidspunkt.

Med referanse til telefonsamtale mellom Kristen Rockland Aarethun og Henrik Hveding ynskjer Hydro Energi difor dispensasjon frå kravet om etablering av permanent vannstandsmåling min 0,5 m under LRV i magasin Skålavatn ved denne senkinga av magasinet i perioden 28.02.21 – 29.03.21.

Med helsing



Johnny Bruheim

Kraftverksjef Sogn
Hydro Energi AS